Farmhouse and
Artisan
Cheese & Dairy Producers
European Network

# PRESS RELEASE

## Her finn du gardsostane!

### Den europeiske oste-nettsida kjem i ny versjon 1. juni 2021.



Sida er no utvida frå tre til meir enn 17 land frå heile Europa.

## 1. Oppdag det store utvalet av europeisk ostar

Det europeiske nettverket av handverks-ystarar FACE har medlemer i 17 land. No har dette oste-nettverket lagt til rette for at alle interesserte kan få oppdaga gardsostar frå ulike regionar med eit stort mangfald av tradisjonar.

- du kan læra korleis ein lagar handverks-ost
- du kan læra om tradisjonelle mjølkeprodukt

## 2. Besøk gards- og handverks-ysteri

Set du pris på tradisjonell matkultur?
Er du glad i dyr og vil gjerne vitja ein gard?

- du kan smaka og oppleva gards- og handverksostar
- du kan oppdaga gardar som foredlar råvarer frå sine eigne dyr
- har du ferieplanar? Då kan du besøkja gards-ysteri i landet du skal til.

Det er mykje å velja i. No opnar det seg eit fantastisk høve til å læra meir om gards-foredling av mjølk i dei euopeiske nabolanda våre.

Gards-ysteri i mange land har bygd opp organisasjonar for å kunna samarbeida, utveksla røynsler, dela kunnskap, organisera opplæring og så vidare. Desse ulike organisasjonane har gått saman om å laga eit europeisk nettverk som har fått namnet FACE (Farmhouse and Artisan Cheese and dairy producers European network).
Her er adressa til nettsida der du finn kontaktinformasjon til alle desse europeiske gards-ysteria samla på éin stad:
www.face-network.eu/discover

## 3. Herlege mjølkeprodukt og ost på kjøkenet

- Frå jord til bord
- Mat-gleda kjenner ingen grenser

Har du lyst til å oppleva mangfaldet av oste-smakar?
Har du lyst til å læra om korleis ein kan bruka tradisjonelle mjølkeprodukt i matlaging? (ost, smør, yoghurt og så vidare.)

Er du glad i god mat og på utkikk etter spesielle handverks-produkt?

---

MEDIA CONTACTS

Farmhouse and Artisan Cheese &
Dairy Producers European Network
42, rue de Châteaudun
75314 Paris Cedex 09 (FRANCE)

Head of Communications: Katharina Heigl
Contact Phone: +49 8161 7873603
Fax: +49 8161 7873681
Email: info@face-network.eu

**www.face-network.eu**

- Kvar månad kjem det nye oppskrifter med gardsostar og andre meieriprodukt frå heile Europa, på språket ditt.
- Både tradisjonelle og moderne oppskrifter frå alle europeiske regionar.
- Nettsida «Discover farmhouse cheese» gjev alle høve til å smaka det store mangfaldet av gards- og handverksostar og mjølkeprodukt frå heile Europa.

Du kan lesa meir om alt dette, bakgrunn og tips på den nye nettsida:

www.face-network.eu/discover

**Her ser du ei list over gardsost-organisasjonar frå 17 land som er medlemer i FACE-nettverket.**

- Austerrike: Verband für handwerkliche Milchverarbeitung (VHM Austria)
- Belgia : Belgique Producteurs de Fromages au Lait Cru (ASBL CRR)
- Finland : Suomen Pienjuustolayhdistys ry
- Frankrike : Fédération Nationale des Éleveurs de Chèvres (FNEC)
- Association Nationale des Producteurs Laitiers Fermiers (ANPLF)
- Tyskland: Verband für handwerkliche Milchverarbeitung (VHM)
- Irland: Irish Farmhouse Cheesemakers Association (CAIS)
- Italia : Associazione delle Casare e dei Casari di Azienda Agricola
- Sennereiverband Südtirol
- Kroatia: Savez malih sirara RH (SirCro)
- Luxembourg Verband für handwerkliche Milchverarbeitung (VHM Luxembourg)
- Nederland: Bond van Boerderij-Zuivelbereiders (BBZ)
- Noreg: Norsk Gardsost
- Polen: Stowarzyszenie Serowarzy Rodzinni
- Slovenia: Združenje kme_kih sirarjev Slovenije
- Spania: Red Española de Queserías de Campo y Artesanas (QueRed)
- Associació Catalana de Ramaders Elaboradors de Formatge Artesà (ACREFA)
- Sveits: Fromarte
- Sverige: Sveriges Gårdsmejerister

MEDIA CONTACTS

Farmhouse and Artisan Cheese &
Dairy Producers European Network
42, rue de Châteaudun
75314 Paris Cedex 09 (FRANCE)

Head of Communications: Katharina Heigl
Contact Phone: +49 8161 7873603
Fax: +49 8161 7873681
Email: info@face-network.eu